

Bresvika Byggefelt AS
c/o Jan Roger Iversen Kletten 3
5382 SKOGSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4284 - 21/60351

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
13.09.2021

Avslutning av sak - gbnr. 428/4 Kvalheim nedre

Viser til vårt brev av 18.05.2021 der vi opplyser om at Alver kommune er gjort kjent med at det ligg ein avløpsleidning og flyt i vannlinja i Bressvika. Viser og til brev med førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt datert 07.07.2021. Ved ein inkurie vart ikkje det fyrste brevet sendt ut til rett tid, noko som vart forklart og beklaga i vårt brev datert 23.07.2021.

Den 30.08.2021 sendte Alver kommune ut brev med varsel om synfaring måndag 13.09.2021, kl. 09:30. På dette tidspunktet ville det vere lågvatn og kommunen vart blitt gjort merksam på at leidningen ville vere synleg i vannlinja ved lågvatn.

Synfaringa vart gjennomført til avtalt tidspunkt med ein representant frå Bresvika Byggefelt AS, ein bebuar i området, ein representant frå Stiegler Advokatfirma AS og to representantar for Alver kommune. Under synfaringa vart det først kort forklart at avløpsleidningen hadde flytt opp i vannkanten i 2018, men at det vart festa 11 lodd til leidningen slik at den vart forankra i botnen.

Under synfaringa gjekk ein representant frå grunneigarsida, ein representant frå Alver kommune og advokat/partner frå advokatfirmaet heilt ut på svaberget for å sjekke om leidningen var synleg ved lågvatn. Det blei slått fast at det var den ikkje, sjå vedlagte bilete.

Saka vert med dette avslutta.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

IMG_4794

IMG_4795

IMG_4790

IMG_4791

IMG_4792

IMG_4793

Kopi til:

Stiegler Advokatfirma AS

Fortunen 1

5013

BERGEN

Mottakarar:

Bresvika Byggefelt AS

c/o Jan Roger Iversen
Kletten 3

5382

SKOGSVÅG